



Rune Nilsen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1153 - 14/3975

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
21.03.2014

Svar på førespurnad om forlenging av frist for innsending av søknad om tiltak - Gbnr. 5/93 i Meland kommune

Det vert vist til dykkar brev til Meland kommune dagsett 6.3.2014.

I vedtak frå Utval for drift og utvikling av 15.3.2011 vart det gjeve dispensasjon frå kommunenplanen sitt generelle forbod mot byggjetiltak i LNF-område for oppføring av ein bustad på gbnr. 5/93 på Fløksand, jf. UDU-sak 040/11. I dykkar brev av 6. dm. er det i så høve opplyst at omstende tilknytt Statens vegvesen si handsaming av dykkar søknad om avkøyrsløse frå fylkesveg har medført at det enno ikkje har vore mogleg å søkje om skjølve byggjetiltaket, og at du på denne bakgrunn ber kommunen om å forlenga verknaden av nemnde dispensasjonsvedtak.

Plan og bygningsloven inneheld følgjande føresegn om gyldigheita til m.a. vedtak om dispensasjon, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 21-9 første ledd:

«Er tiltaket ikke satt i gang senest 3 år etter at tillatelse er gitt, faller tillatelsen bort. Det samme gjelder hvis tiltaket innstilles i mer enn 2 år. Disse bestemmelser gjelder tilsvarende for dispensasjon. Fristene kan ikke forlenges.» (Administrasjonen si understreking.)

Den refererte lovføresegna inneber at Meland kommune ikkje har heimel til å imøtekomme dykkar førespurnad om fristforlenging etter pbl. § 21-9.

Det planlagde byggjetiltaket på gbnr. 5/93 er etter dette avhengig av at det på ny vert omsøkt og gjeve tilsvarende dispensasjon som i UDU-sak 040/11, ettersom gyldigheita av sistnemnde vedtak falt bort 15.3.2014. Administrasjonen finn samstundes grunn til å påpeike at både lovgrunnlaget og eigedomen sin planstatus er den same i dag som i 2011, og at dette skal tilleggjast vekt ved handsaminga av ein eventuelt ny dispensasjonssøknad. I ein av lovkommentarane til pbl. § 21-9 (Pedersen m.fl.: Plan- og bygningsrett (2000), s. 253) er det dertil framholdt at kommunen «*må ta hensyn til den tidlige avgjørelse i den forstand at det må kreves en saklig begrunnelse for at det som tidligere var innvilget, nå blir avslått*».

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Saka vert etter dette lagt i ventearkiv hos Meland kommune i påvente av eventuell innsending av ny dispensasjonssøknad.

Ved spørsmål eller merknadar kan du kontakte underteikna sakshandsamar på tlf. 56 17 10 00.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Rune Nilsen